



18 av dei positive skulemusikantane i bygda saman med dirigenten Tor Skeie Olsen.

Tirsdag kveld starta skulemusikken sesongen med si første øving. Det ser meir lovande ut enn på fleire år. 18 musikarar var på plass, og då var det 3 som hadde meldt forfall på grunn av sjukdom, jegerprøve og andre gode grunnar. Halldis Aakra frå styret ønskte velkommen til ny sesong samtidig som ho gav informasjonar om korpsdrifta og planar framover. Deretter overtok dirigent Tor Skeie Olsen, og musikken tona ut av instrumenta.

Nettopp Tor Skeie Olsen er sterkt medverkande til den fine utviklinga i korpset. Han er ein dyktig korpsbyggjar, og tar no fatt på sin tredje sesong som dirigent for skulemusikken. Populær blant musikarane er han og!!

Før sesongen er berre Birgitte Hjelmeland og Vegard Døssland slutta. Begge har 10 år bak seg i korpset, og no er dei reist vekk på folkehøgskule. Birgitte har gjort sørlending av seg medan Vegard held seg i Mjøsdistriktet.

Lene S. Myklebust er no eldst i korpset. Ho startar på sin tiande sesong. Elles er det svært mange unge musikarar som skulemusikken kan ha glede av i mange år.

Ekstra koseleg vart første øvinga i og med at styret hadde lagt opp til kos i pausen. Det er ein fast post som foreldra ordnar siste øvinga i kvar månad.

Det skal verta kjekt å følgja utviklinga til dei unge musikarane utover i sesongen. Dei får nok vera med på mykje kjekt. Siste helga i september reiser dei til Karmøy Brassfestival.

Av: Thor Inge Døssland.